

Notat

Frå: Næringsavdelinga

Til: Hovudutval for plan og næring

Nettverk for industrifylke

Nordland fylkeskommune har teke initiativ til etablering av eit nettverk for industrifylke. Dette for å fremme felles interesser i samband med industriutvikling, deriblant rammevilkåra for norsk industri.

Nordland fylkeskommunen har teke utgangspunkt i kraftforedlende industri, men det har også vore drøfta kor vidt nettverket skal arbeide med dei generelle rammevilkåra til norsk industri. Det ser no ut til at vi i første omgang vil arbeide særleg med problemstillingar kring kraftforedlende industri og tilhøyrande leverandørindustri. Men at vi i det vidare ev også kan arbeide med dei generelle rammevilkåra til den landbaserte industrien. Vi bør imidlertid få med fleire fylke i dette samarbeidet.

Hovudutvalet er tidlegare informert om at det vert arbeidd med å etablere eit slikt nettverk, og leiaren i utvalet er vår politiske representant inn i dette samarbeidet. Hovudutvalet har gjeve signal om at vi kan arbeide vidare med dette nettverket.

Det er laga ein industristrategi for Nordland, som på mange vis står overfor dei same utfordringane som oss her i fylket. Vi kan hente impulsar frå Nordland og nettverket for industrifylke når vi sjølve skal arbeide vidare med industriutviklinga i fylket vårt. Dette m.a. gjennom arbeidet med regional plan for verdiskaping.

Dette som ei kort orientering til hovudutvalet, i påvente av meir informasjon etter kvart som nettverket for industrifylke vert stifta og kjem i gong med arbeidet sitt.